

**EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EU) 2017/852****2022/EØS/79/30****av 17. mai 2017****om kvikksølv og om oppheving av forordning (EF) nr. 1102/2008(\*)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen, særleg artikkel 192 nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Europakommisjonen,

etter oversending av utkast til regelverksakt til dei nasjonale parlamenta,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>(1)</sup>,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den ordinære regelverksprosedyren<sup>(2)</sup> og

ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kvikksølv er eit svært giftig stoff som utgjer eit globalt trugsmål som er svært alvorleg for menneskehelsa, mellom anna i form av metylkvikksølv i fisk og annan sjømat, økosystem og ville dyr og planter. Etersom kvikksølvureining skjer på tvers av landegrensene, har 40–80 % av den samla kvikksølvavsetjinga i Unionen opphavet sitt utanfor Unionen. Det er difor naudsynt med tiltak på lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt plan.
- 2) Utslepp av kvikksølv og dei eksponeringsrisikoane som er knytte til slike utslepp, skriv seg i all hovudsak frå menneskeleg verksemd, til dømes primærutvinning av kvikksølv og kvikksølvforedling, bruk av kvikksølv i produkt og industriprosessar, småskalautvinning og -foredling av gull, forbrenning av kol og handtering av kvikksølvavfall.
- 3) I det sjuande miljøhandlingsprogrammet, som vart vedteke ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1386/2013/EU<sup>(3)</sup>, er det fastsett eit langsiktig mål om eit giftfritt miljø, og for dette føremålet er det òg slått fast at det er naudsynt med tiltak som innan 2020 og i størst mogleg grad reduserer omfanget av alvorlege skadeverknader av kjemikaliar på menneskehelsa og miljøet.

(\*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 137 av 24.5.2017, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 158/2021 av 23. april 2021 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), ennå ikke kunngjort.

<sup>(1)</sup> TEU C 303 av 19.8.2016, s. 122.

<sup>(2)</sup> Haldning frå Europaparlamentet av 14. mars 2017 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og rådsavgjerd av 25. april 2017.

<sup>(3)</sup> Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 1386/2013/EU av 20. november 2013 om et allment miljøhandlingsprogram i Unionen fram til 2020 «Et godt liv i en ressursbegrenset verden» (TEU L 354 av 28.12.2013, s. 171).

- 4) Kommisjonsmeldinga av 28. januar 2005 til Europaparlamentet og Rådet med tittelen «Community Strategy Concerning Mercury», som vart revidert 7. desember 2010 (heretter kalla «strategien»), tek sikte på å redusere og om mogleg eliminere globale menneskeskapte utslepp av kvikksølv til luft, vatn og jord.
- 5) Det har vore stor framgang dei ti siste åra når det gjeld handtering av kvikksølv, både som følgje av gjennomføringa av denne strategien og ei rekkje andre tiltak retta mot utslepp, tilbod, etterspurnad og bruk av kvikksølv, og som følgje av tiltak for handtering av kvikksølvoverskot og kvikksølvlager.
- 6) Forhandlingar og tilslutning til eit internasjonalt rettsleg bindande instrument som er retta mot kvikksølv, bør prioriterast ifølgje denne strategien, ettersom EU-tiltak åleine ikkje kan sikre borgarane i Unionen eit effektivt vern mot dei helseskadelege verknadene av kvikksølv.
- 7) Unionen og 26 av medlemsstatane har underteikna Minamata-konvensjonen om kvikksølv frå 2013 (heretter kalla «konvensjonen»). Dei to medlemsstatane som ikkje har underteikna konvensjonen, Estland og Portugal, har uttrykt at dei er innstilte på å ratifisere han. Både Unionen og alle medlemsstatane har såleis forplikta seg til å vedta, innarbeide og gjennomføre konvensjonen.
- 8) Ei snøgg godkjenning av konvensjonen frå Unionen si side og ratifisering frå medlemsstatane si side vil kunne oppmuntre dei på verdsbasis største kvikksølvforbrukarane og -utsleppsføretaka som har underteikna konvensjonen, til å ratifisere og gjennomføre han.
- 9) Denne forordninga bør utfylle regelverket i Unionen og fastsetje dei føresegnene som er naudsynte for å sikre at regelverket i Unionen fullt ut er i samsvar med konvensjonen, slik at Unionen og medlemsstatane kan høvesvis godkjenne eller ratifisere og gjennomføre konvensjonen.
- 10) Andre tiltak som Unionen har sett i verk, og som går lenger enn krava i konvensjonen, vil bane veg, slik tilfellet var med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1102/2008<sup>(4)</sup> med omsyn til kvikksølvfrie produkt og prosessar.
- 11) I samsvar med artikkel 193 i traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen (TVEU) skal ikkje denne forordninga vere til hinder for at medlemsstatane held ved lag eller innfører strengare vernetiltak, så framst slike tiltak er i samsvar med traktatane og Kommisjonen har fått melding om dei.
- 12) Forbodet mot kvikksølv som vart fastsett ved forordning (EF) nr. 1102/2008, bør følgjast opp med restriksjonar på import av kvikksølv, avhengig av kjelde, tiltenkt bruksområde og opphavsstad for kvikksølvet. Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1013/2006<sup>(5)</sup> bør framleis nyttast på import av kvikksølvavfall, særleg med omsyn til avgjerdsmakta til dei rette styresmaktene i medhald av den nemnde forordninga.
- 13) Føresegnene i denne forordninga om import av kvikksølv og kvikksølvblandingar er å sikre at Unionen og medlemsstatane oppfyller konvensjonskrava til handel med kvikksølv.
- 14) Det bør innførast forbod mot eksport, import og framstilling av ei rekkje produkt med tilsett kvikksølv som står for ein vesentleg del av bruken av kvikksølv og kvikksølv sambindingar, både i Unionen og globalt.
- 15) Denne forordninga bør nyttast utan at det rører ved dei føresegnene i det gjeldande unionsregelverket som fastset strengare krav til produkt med tilsett kvikksølv, òg når det gjeld høgsteinnhaldet av kvikksølv.
- 16) Bruk av kvikksølv og kvikksølv sambindingar i framstillingsprosessar bør gradvis avviklast, og for dette føremålet bør det innførast tiltak som fremjar forskning på alternative stoff med eigenskapar som er ufarlege, eller iallfall mindre farlege for miljøet og menneskehelsa.

<sup>(4)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1102/2008 av 22. oktober 2008 om forbod mot eksport av metallisk kvikksølv og visse kvikksølv sambindingar og -blandingar, og om trygg lagring av metallisk kvikksølv (TEU L 304 av 14.11.2008, s. 75).

<sup>(5)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1013/2006 av 14. juni 2006 om overføring av avfall (TEU L 190 av 12.7.2006, s. 1).

- 17) Etter europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006<sup>(6)</sup> er det frå og med 10. oktober 2017 forbode med framstilling, omsetning og bruk av dei fem fenykvikksølvambindingane som er mest utbreidde i framstillinga av polyuretan, særleg som katalysatorar. Bruk av andre kvikksølvhaldige katalysatorar i framstillinga av polyuretan bør òg vere forbode frå og med 1. januar 2018.
- 18) Framstilling av alkoholat som omfattar bruk av kvikksølv som elektrode, bør gradvis avviklast, og slike framstillingsprosessar bør snarast mogleg byttast ut med kvikksølvfrie framstillingsprosessar som lèt seg gjennomføre i praksis. Dersom ingen relevante kvikksølvfrie framstillingsprosessar er tilgjengelege, bør det fastsetjast vilkår for framstilling av natrium- eller kaliummetylat eller -etylal som omfattar bruk av kvikksølv. Det bør gjerast tiltak som reduserer bruken av kvikksølv, slik at denne bruken vert avvikla i slik framstilling snarast mogleg, og seinast innan 1. januar 2028.
- 19) Framstilling og omsetning av nye produkt med tilsett kvikksølv, og bruk av nye framstillingsprosessar som omfattar bruk av kvikksølv eller kvikksølvambindingar, vil auke bruken av kvikksølv og kvikksølvambindingar og utsleppa av kvikksølv i Unionen. Det bør difor innførast forbod mot slik ny verksemd, med mindre det vert gjort ei vurdering som viser at det nye produktet med tilsett kvikksølv eller den nye framstillingsprosessen har vesentlege miljø- eller helsemessige føremoner og ikkje utgjer nokon vesentleg risiko verken for miljøet eller menneskehelsa, og at ingen kvikksølvfrie alternativ som lèt seg gjennomføre teknisk og har dei same føremonene, er tilgjengelege.
- 20) Bruken av kvikksølv og kvikksølvambindingar ved småskalautvinning og -foredling av gull utgjer ein vesentleg del av bruken og utsleppet av kvikksølv på verdsbasis, og har negative innverknader både på lokalsamfunn og på globalt plan. Denne bruken av kvikksølv og kvikksølvambindingar bør difor vere forboden i medhald av denne forordninga, og bør regulerast på internasjonalt plan. Utan at det rører ved forbodet mot denne bruken, og i tillegg til at medlemsstatane kan gjennomføre sanksjonar som er verknadsfulle, svarar til brotet og hindrar nye brot dersom føresegnene i denne forordninga vert overskridne, bør det i tillegg utarbeidast ein nasjonal plan dersom slike brot på forbodet skulle vise seg å vere meir omfattande, for såleis å handtere problemet med småskalautvinning og -foredling av gull der kvikksølv-amalgamering vert nytta til å utvinne gull frå malm.
- 21) Kvikksølv i dentalt amalgam er det største bruksområdet for kvikksølv i Unionen og ei vesentleg kjelde til ureining. Bruken av dentalt amalgam bør difor avviklast gradvis i samsvar med konvensjonen og med nasjonale planar som særleg bygger på dei tiltaka som er oppførte i del II i vedlegg A til konvensjonen. Kommisjonen bør vurdere og rapportere om det er mogleg gradvis å avvikle bruken av dentalt amalgam på lang sikt, og helst innan 2030, og samstundes ta omsyn til dei nasjonale planane som krevst i medhald av denne forordninga, og fullt ut respektere den kompetansen medlemsstatane har når det gjeld organisering og yting av helsetenester og lækjarhjelp. Vidare bør det gjerast særlege førebyggjande tiltak for helsevern av sårbare individ i samfunnet, til dømes barn og gravide eller kvinner som ammar.
- 22) Dentalt amalgam bør tillastast for bruk berre i førehandsdosert, innkapsla form, og det bør verte pålagt med bruk av amalgamskiljarar på tannklinikkar og tannlækjarkontor der dentalt amalgam vert nytta eller der dentale amalgamfyllingar eller tenner med slike fyllingar vert fjerna, med sikte på å verne tannlækjarar og pasientar mot eksponering for kvikksølv og sikre at avfallet vert samla inn og slutthandsama i samsvar med forsvarleg avfallshandtering og under ingen omstende vert sleppt ut i miljøet. Følgjeleg bør det verte forbode for tannlækjarar å nytte kvikksølv i laus vekt. Amalgamkapslar slik det er gjort greie for i dei europeiske standardane EN ISO 13897:2004 og EN ISO 24234:2015, vert rekna som eigna for bruk av tannlækjarar. Vidare bør det fastsetjast eit minstenivå for retensjonseffektivitet for amalgamskiljarar. Det bør nyttast relevante standardar for å etterleve krava til amalgamskiljarar, til dømes den europeiske standarden EN ISO 11143:2008. Ettersom det er svært mange marknadsdeltakarar innanfor tannhelsesektoren som vert påverka av innføringa av desse krava, bør det setjast av tilstrekkeleg tid til at dei kan tilpasse seg dei nye krava.

<sup>(6)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1907/2006 av 18. desember 2006 om registrering, vurdering og godkjenning av samt begrensninger for kjemikalier (REACH), om opprettelse av et europeisk kjemikaliebyrå, om endring av direktiv 1999/45/EF og om oppheving av rådsforordning (EØF) nr. 793/93 og kommisjonsforordning (EF) nr. 1488/94 samt rådsdirektiv 76/769/EØF og kommisjonsdirektiv 91/155/EØF, 93/67/EØF, 93/105/EF og 2000/21/EF (TEU L 396 av 30.12.2006, s. 1).

- 23) Bruken av kvikksølv kan reduserast ved å lære opp tannlækjarstudentar og tannlækjarar i bruk av kvikksølvfrie alternativ, særleg for sårbare individ i samfunnet, til dømes barn og gravide eller kvinner som ammar, og gjennom forskning og innovasjon innanfor munnhelse, slik at kunnskapen om eksisterande materiale og restaureringsteknikkar aukar og nye materiale vert utvikla.
- 24) Innan utgangen av 2017 vil det vere produsert meir enn 6 000 tonn flytande kvikksølvavfall i Unionen, hovudsakleg som følge av den obligatoriske avviklinga av kvikksølvkatodeceller i kloralkaliindustrien i samsvar med Kommisjonenens gjennomføringsavgjerd 2013/732/EU<sup>(7)</sup>. Ettersom kapasiteten til omdanning av flytande kvikksølvavfall er avgrensa, bør mellombels lagring av flytande kvikksølv framleis tillata i medhald av denne forordninga i eit tidsrom som er tilstrekkeleg langt til at omdanning og eventuelt herding av alt kvikksølvavfall kan finne stad. Lagringa bør skje i samsvar med dei krava som er fastsette i rådsdirektiv 1999/31/EF<sup>(8)</sup>.
- 25) Ettersom flytande kvikksølv er eit særstø farleg stoff, bør permanent lagring av kvikksølvavfall utan førehandsaming vere forbode på grunn av risikoane ved slik slutthandsaming. Kvikksølvavfall bør difor omdannast på ein høveleg måte og eventuelt herdast før permanent lagring. For dette føremålet og for å redusere dei tilknytte risikoane bør medlemsstatane ta omsyn til dei tekniske retningslinjene for kvikksølv som er fastsette i Basel-konvensjonen om kontroll av grensekryssande transport av og disponering av farleg avfall.
- 26) For å sikre korrekt gjennomføring av føresegnene om avfall i denne forordninga bør det gjerast tiltak for å sikre eit effektivt system for sporing av kvikksølvavfall gjennom heile avfallshandteringskjeda, slik at produsentane av kvikksølvavfall og dei driftsansvarlege for avfallshandteringsanlegga der slikt avfall vert lagra og handsama, vert pålagde å opprette eit informasjonsregister som ein del av dokumentasjonskravet i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/98/EF<sup>(9)</sup>.
- 27) I medhald av konvensjonen skal partane leggje vinn på å utarbeide høvelege strategiar for å identifisere og vurdere område som er ureina med kvikksølv eller kvikksølv sambindingar. I medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/75/EU<sup>(10)</sup> skal dei driftsansvarlege for industrianlegg gjere tiltak for å handtere jordureining. I medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/60/EF<sup>(11)</sup> skal òg medlemsstatane ta forholdsreglar mot jordureining som har negative verknader på tilstanden til ein vassførekomst. Kommisjonen og medlemsstatane bør difor utveksle informasjon for å dele røynsler om dei initiativa og tiltaka som er gjorde på nasjonalt plan.
- 28) Når Kommisjonen skal revidere denne forordninga, bør han evaluere dei inntaksnivåa som i dag vert rekna som trygge for helse, og utarbeide nye helsebaserte referanseverdiar for kvikksølv ut ifrå ei oppdatert vitenskapleg forståing av dei risikoane som er knytte til metylkvikksølv.
- 29) For å tilpasse unionsregelverket til dei avgjerdene som er tekne av partskonferansen til konvensjonen, og som er støtta av Unionen gjennom ei rådsavgjerd vedteken i samsvar med artikkel 218 nr. 9 i TVEU, bør fullmakta til å vedta rettsakter i samsvar med artikkel 290 i TVEU delegerast til Kommisjonen når det gjeld endring av vedlegga til denne forordninga og når det gjeld lenging av det tidsrommet det er tillate å lagre kvikksølvavfall. Det er særleg viktig at Kommisjonen held føremålstenlege samråd under det førebuaende arbeidet sitt, medrekna samråd med sakkunnige, og at slike samråd vert haldne i samsvar med dei prinsippa som er fastsette i den tverrinstitusjonelle avtala av 13. april 2016 om betre regelverksutforming<sup>(12)</sup>. For å sikre ei jamn deltaking under utarbeidinga av delegerte rettsakter er det viktig at Europaparlamentet og Rådet får tilsendt alle dokument til same tid som dei sakkunnige frå medlemsstatane, og at dei sakkunnige på ein systematisk måte får tilgang til møte i Kommisjonen sine grupper av sakkunnige som tek del i utarbeidinga av delegerte rettsakter.

(7) Kommisjonenens gjennomføringsbeslutning 2013/732/EU av 9. desember 2013 om fastsettelse av konklusjoner om beste tilgjengelige teknikker (BAT) for kloralkaliproduksjon, i henhold til europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/75/EU om industriutslipp (TEU L 332 av 11.12.2013, s. 34).

(8) Rådsdirektiv 1999/31/EF av 26. april 1999 om deponering av avfall (TEF L 182 av 16.7.1999, s. 1).

(9) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/98/EF av 19. november 2008 om avfall og om oppheving av visse direktiver (TEU L 312 av 22.11.2008, s. 3).

(10) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2010/75/EU av 24. november 2010 om industriutslipp (integriert forebygging og begrensning av forurensning) (TEU L 334 av 17.12.2010, s. 17).

(11) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/60/EF av 23. oktober 2000 om fastsettelse av en ramme for fellesskapstiltak på området vannpolitikk (TEU L 327 av 22.12.2000, s. 1).

(12) TEU L 123 av 12.5.2016, s. 1.

- 30) Kommissjonen bør gjevast gjennomføringsfullmakt for å sikre einsarta vilkår for gjennomføringa av denne forordninga med omsyn til fastsetjing av skjema for import og eksport, utarbeiding av tekniske krav til miljømessig forsvarleg mellombels lagring av kvikksølv, kvikksølvambindingar og kvikksølvblandingar, forbod mot eller godkjenning av nye produkt med tilsett kvikksølv og nye framstillingsprosessar som omfattar bruk av kvikksølv eller kvikksølvambindingar, og fastsetjing av rapporteringsplikter. Denne fullmakta bør nyttast i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011<sup>(13)</sup>.
- 31) Medlemsstatane bør fastsetje reglar for sanksjonar som skal nyttast ved brot på føresegnene i denne forordninga, og sikre at sanksjonane vert gjennomførte. Desse sanksjonane bør vere verknadsfulle, svare til brotet og hindre nye brot.
- 32) Av omsyn til arten og omfanget av dei endringane som må gjerast i forordning (EF) nr. 1102/2008, og for å skape betre rettstryggleik, klarleik, innsyn og enklare regelverk, bør den nemnde forordninga opphevast.
- 33) For at dei rette styresmaktene i medlemsstatane og marknadsdeltakarane som vert påverka av denne forordninga, skal få nok tid til å tilpasse seg den nye ordninga som vert fastsett ved denne forordninga, bør denne forordninga nyttast frå 1. januar 2018.
- 34) Ettersom målet for denne forordninga, som er å sikre eit høgt nivå for vern av menneskehelsa og miljøet mot menneskeskapt utslepp av kvikksølv og kvikksølvambindingar, mellom anna gjennom eit forbod mot import og eksport av kvikksølv og produkt med tilsett kvikksølv, restriksjonar på bruken av kvikksølv i framstillingsprosessar og produkt, ved småskalautvinning og -foredling av gull og i dentalt amalgam, og gjennom plikter knytte til kvikksølvavfall, ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, men som på grunn av den grensekryssande karakteren til kvikksølvureining og typen tiltak som skal setjast i verk, betre kan nåast på unionsplan, kan Unionen vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten om Den europeiske unionen. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet.

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

## KAPITTEL I

### ALLMENNE FØRESEGNER

#### *Artikkel 1*

#### **Føremål og mål**

Ved denne forordninga vert det fastsett tiltak og vilkår for bruk av, lagring av og handel med kvikksølv, kvikksølvambindingar og kvikksølvblandingar, framstilling og bruk av og handel med produkt med tilsett kvikksølv, og handtering av kvikksølvavfall, for å sikre eit høgt nivå for vern av menneskehelsa og miljøet mot menneskeskapt utslepp av kvikksølv og kvikksølvambindingar.

Når det er føremålstenleg, kan medlemsstatane nytte strengare krav enn dei som er fastsette i denne forordninga, i samsvar med TVEU.

#### *Artikkel 2*

#### **Definisjonar**

I denne forordninga tyder

- 1) «kvikksølv» metallisk kvikksølv (Hg, CAS-nr. 7439-97-6),
- 2) «kvikksølvambinding» alle stoff som inneheld atom av kvikksølv og eitt eller fleire atom av andre grunnstoff som kan delast opp i ulike delemler berre ved hjelp av kjemiske reaksjonar,

<sup>(13)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EU) nr. 182/2011 av 16. februar 2011 om fastsettelse av allmenne regler og prinsipper for medlemsstatenes kontroll med Kommisjonens utøvelse av sin gjennomføringsmyndighet (TEU L 55 av 28.2.2011 s. 13).

- 3) «blanding» ei blanding eller løysing som er samansett av minst to stoff,
- 4) «produkt med tilsett kvikksølv» eit produkt eller delemne i eit produkt som inneheld kvikksølv eller ei kvikksølv-sambinding som medvite er vorte tilsett,
- 5) «kvikksølvavfall» metallisk kvikksølv som oppfyller kriteria for avfall slik det er definert i artikkel 3 nr. 1 i direktiv 2008/98/EF,
- 6) «eksport» anten
  - a) permanent eller mellombels eksport av kvikksølv, kvikksølvambindingar, kvikksølvblandingar og produkt med tilsett kvikksølv som oppfyller vilkåra i artikkel 28 nr. 2 i TVEU, eller
  - b) reeksport av kvikksølv, kvikksølvambindingar, kvikksølvblandingar og produkt med tilsett kvikksølv som ikkje oppfyller vilkåra i artikkel 28 nr. 2 i TVEU, og som er underlagde ein annan tollprosedyre enn EU-prosedyren for ekstern sending av varer gjennom tollområdet til Unionen,
- 7) «import» fysisk innførsel til tollområdet til Unionen av kvikksølv, kvikksølvambindingar, kvikksølvblandingar og produkt med tilsett kvikksølv som er underlagde ein annan tollprosedyre enn EU-prosedyren for ekstern sending av varer gjennom tollområdet til Unionen,
- 8) «slutthandsaming» slutthandsaming slik det er definert i artikkel 3 nr. 19 i direktiv 2008/98/EF,
- 9) «primærutvinning av kvikksølv» utvinning der kvikksølv er det materialet som det hovudsakleg vert leita etter,
- 10) «omdanning» den kjemiske omdanninga av den fysiske tilstanden til kvikksølvet frå flytande tilstand til kvikksølvulfid, eller ei anna samanliknbar kjemisk sambinding som er minst like stabil og er like løyseleg eller mindre løyseleg i vatn, og som ikkje utgjer nokon større fare for helsa eller miljøet enn kvikksølvulfid,
- 11) «omsetning» levering til eller tilgjengeleggjering for tredjemann, mot betaling eller vederlagsfritt. Import skal reknast som omsetning.

## KAPITTEL II

### HANDELS- OG FRAMSTILLINGSRESTRIKSJONAR FOR KVIKKSØLV, KVIKKSØLVAMBINDINGAR, KVIKKSØLVBLANDINGAR OG PRODUKT MED TILSETT KVIKKSØLV

#### Artikkel 3

#### **Eksportrestriksjonar**

1. Det er forbode med eksport av kvikksølv.
2. Det er forbode med eksport av dei kvikksølvambindingane og kvikksølvblandingane som er oppførte i vedlegg I, frå og med dei datoane som er fastsette i det nemnde vedlegget.
3. Som unntak frå nr. 2 skal eksport av dei kvikksølvambindingane som er oppførte i vedlegg I, vere tillaten for laboratorieforskings- eller laboratorieanalyseføremål.
4. Det er forbode med eksport som har som føremål at kvikksølv, kvikksølvambindingar og kvikksølvblandingar som ikkje er omfatta av forbodet i nr. 2, skal attvinnast.

#### Artikkel 4

#### **Importrestriksjonar**

1. Det er forbode med import av kvikksølv og av dei kvikksølvblandingane som er oppførte i vedlegg I, medrekna kvikksølvavfall frå ei av dei hovudkjeldene som er nemnde i artikkel 11 bokstav a)–d), når føremålet ikkje er slutthandsaming av avfall. Slik import der føremålet er slutthandsaming av avfall, skal berre tillatast i dei tilfella der eksportstaten ikkje har omdanningskapasitet tilgjengeleg på sitt eige territorium.

Utan at det rører ved artikkel 11 og som unntak frå første leddet i dette nummeret skal import av kvikksølv og av dei kvikksølvblandingane som er oppførte i vedlegg I for tillaten bruk i ein medlemsstat, tillatast dersom importstaten har gjeve skriftleg samtykke til slik import i dei tilfella der

- a) eksportstaten er part i konvensjonen, og det eksporterte kvikksølvet ikkje kjem frå primærutvinning av kvikksølv, som er forboden i medhald av artikkel 3 nr. 3 og 4 i konvensjonen, eller
- b) eksportstaten ikkje er part i konvensjonen, men har dokumentert at kvikksølvet ikkje kjem frå primærutvinning av kvikksølv.

Utan at det rører ved eventuelle nasjonale tiltak som er vedtekne i samsvar med TVEU, skal bruk som er tillaten i medhald av unionsregelverket, reknast som tillaten bruk i ein medlemsstat for føremåla med dette nummeret.

2. Det er forbode med import av kvikksølvblandingar som ikkje høyrer inn under nr. 1, og av kvikksølv sambindingar, dersom føremålet er attvinning av kvikksølv.
3. Det er forbode med import av kvikksølv til bruk ved småskalautvinning og -foredling av gull.
4. I tilfelle der det er tillate med kvikksølvavfall i samsvar med denne artikkelen, skal forordning (EF) nr. 1013/2006 framleis nyttast i tillegg til krava i denne forordninga.

#### *Artikkel 5*

### **Ekspor, import og framstilling av produkt med tilsett kvikksølv**

1. Utan at det rører ved strengare krav i anna gjeldande unionsregelverk, skal det i Unionen vere forbode med eksport, import og framstilling av produkt med tilsett kvikksølv slik det er fastsett i vedlegg II, frå og med dei datoane som er fastsette i det nemnde vedlegget.
2. Det forbodet som er fastsett i nr. 1, skal ikkje gjelde for følgjande produkt med tilsett kvikksølv:
  - a) Produkt som er sær viktige for sivil vernebuing og militærbruk.
  - b) Produkt til forskning, til kalibrering av instrument eller til bruk som ein referansestandard.

#### *Artikkel 6*

### **Skjema for import og eksport**

Ved hjelp av gjennomføringsrettsakter skal Kommisjonen gjere vedtak for å fastsetje kva skjema som skal nyttast ved gjennomføring av artikkel 3 og 4. Desse gjennomføringsrettsaktene skal vedtakast i samsvar med den granskingsprosedyren som er nemnd i artikkel 22 nr. 2.

#### KAPITTEL III

### **RESTRIKSJONAR PÅ BRUK OG LAGRING AV KVIKKSØLV, KVIKKSØLV SAMBINDINGAR OG KVIKKSØLVBLANDINGAR**

#### *Artikkel 7*

### **Industriverksemd**

1. Det er forbode med bruk av kvikksølv og kvikksølv sambindingar i dei framstillingsprosessane som er oppførte i del I i vedlegg III, frå og med dei datoane som er fastsette i det nemnde vedlegget.
2. Bruk av kvikksølv og kvikksølv sambindingar i dei framstillingsprosessane som er oppførte i del II i vedlegg III, skal berre tillatast på dei vilkåra som er fastsette i det nemnde vedlegget.
3. Mellombels lagring av kvikksølv og av dei kvikksølv sambindingane og kvikksølvblandingane som er oppførte i vedlegg I til denne forordninga, skal utførast på ein miljømessig forsvarleg måte, i samsvar med dei grenseverdiane og krava som er fastsette i europaparlaments- og rådsdirektiv 2012/18/EU<sup>(14)</sup> og i direktiv 2010/75/EU.

<sup>(14)</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2012/18/EU av 4. juli 2012 om kontroll med faren for storulykker med farlege stoffer og om endring og senere oppheving av rådsdirektiv 96/82/EF (TEU L 197 av 24.7.2012, s. 1).

For å sikre einsarta bruk av den plikta som er fastsett i første leddet i dette nummeret, kan Kommissjonen vedta gjennomføringsrettsakter der dei tekniske krava til miljømessig forsvarleg mellombels lagring av kvikksølv, kvikksølvbindingar og kvikksølvblandingar vert fastsette i samsvar med dei avgjerdene som er tekne av partskonferansen til konvensjonen i samsvar med artikkel 10 nr. 3 og artikkel 27 i konvensjonen, så fram Unionen støttar den aktuelle avgjerda gjennom ei rådsavgjerd som er vedteken i samsvar med artikkel 218 nr. 9 i TVEU. Desse gjennomføringsrettsaktene skal vedtakast i samsvar med den granskingsprosedyren som er nemnd i artikkel 22 nr. 2 i denne forordninga.

#### Artikkel 8

##### Nye produkt med tilsett kvikksølv og nye framstillingsprosessar

1. Marknadsdeltakarar skal ikkje framstille eller bringe i omsetning produkt med tilsett kvikksølv som ikkje er framstilte før 1. januar 2018 («nye produkt med tilsett kvikksølv»), med mindre dei har løyve til dette gjennom ei avgjerd som er teken i medhald av nr. 6 i denne artikkelen eller i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2011/65/EU<sup>(15)</sup>.

Første leddet skal ikkje nyttast på

- a) utstyr som er naudsynt for å verne viktige tryggleiksinteresser i medlemsstatane, medrekna våpen, ammunisjon og krigsmateriell for særlege militære føremål,
- b) utstyr som er utforma for å sendast ut i rommet,
- c) teknisk vidareutvikling eller ny utforming av produkt med tilsett kvikksølv som er framstilte før 1. januar 2018, så fram slik vidareutvikling eller ny utforming fører til redusert bruk av kvikksølv i desse produkta.

2. Marknadsdeltakarar skal ikkje nytte framstillingsprosessar som omfattar bruk av kvikksølv eller kvikksølvbindingar som ikkje var nytta før 1. januar 2018 («nye framstillingsprosessar»), med mindre dei har fått godkjenning til dette gjennom ei avgjerd som er teken i medhald av nr. 6.

Første leddet i dette nummeret skal ikkje nyttast på prosessar med framstilling eller bruk av produkt med tilsett kvikksølv som ikkje er omfatta av forbodet i nr. 1.

3. Dersom ein marknadsdeltakar vil søkje om ei avgjerd i medhald av nr. 6 for å kunne framstille eller bringe i omsetning eit nytt produkt med tilsett kvikksølv eller for å nytte ein ny framstillingsprosess, så fram produktet eller prosessen har vesentlege miljø- eller helsemessige føremoner og ikkje utgjør nokon vesentleg risiko for miljøet eller menneskehelsa, og så fram ingen kvikksølvfrie alternativ som lèt seg gjennomføre teknisk og har dei same føremonene, er tilgjengelege, skal marknadsdeltakaren melde frå om dette til dei rette styresmaktene i den medlemsstaten som det gjeld. Meldinga skal innehalde følgjande opplysningar:

- a) Ei teknisk utgreiing om det aktuelle produktet eller den aktuelle prosessen.
- b) Ei vurdering av føremonene og risikoane som er knytte til helse og miljø.
- c) Prov på at det ikkje ligg føre kvikksølvfrie alternativ som lèt seg gjennomføre teknisk og har vesentlege miljø- eller helsemessige føremoner.
- d) Ei detaljert utgreiing om korleis prosessen skal utførast eller korleis produktet skal framstillast og nyttast, og om korleis avfallet skal slutthandsamast etter bruk, for å sikre eit høgt nivå for vern av miljøet og menneskehelsa.

4. Den medlemsstaten som det gjeld, skal sende over til Kommissjonen meldinga frå marknadsdeltakaren dersom medlemsstaten meiner, ut ifrå si eiga vurdering av dei opplysningane som er gjevne i meldinga, at kriteria som er nemnde i nr. 6 første leddet, er oppfylte.

Den medlemsstaten som det gjeld, skal melde frå til Kommissjonen dersom han meiner at kriteria som er nemnde i nr. 6 første leddet, ikkje er oppfylte.

5. Dersom medlemsstaten sender over ei melding i medhald av nr. 4 første leddet i denne artikkelen, skal Kommissjonen straks gjere meldinga tilgjengeleg for det utvalet som er nemnt i artikkel 22 nr. 1.

<sup>(15)</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2011/65/EU av 8. juni 2011 om begrensning av bruken av visse farlege stoffer i elektrisk og elektronisk utstyr (TEU L 174 av 1.7.2011, s. 88).



6. Kommisjonen skal granske meldinga som er motteken, og vurdere om det er dokumentert at det nye produktet med tilsett kvikksølv eller den nye framstillingsprosessen har vesentlege miljø- eller helsemessige føremoner og ikkje utgjør nokon vesentleg risiko verken for miljøet eller menneskehelsa, og at ingen kvikksølvfrie alternativ som lèt seg gjennomføre teknisk og har dei same føremonene, er tilgjengelege.

Kommisjonen skal melde frå til medlemsstatane om resultatet av vurderinga.

Kommisjonen skal, gjennom gjennomføringsrettsakter, gjere vedtak som fastset om det aktuelle nye produktet med tilsett kvikksølv eller den nye framstillingsprosessen, er godkjend. Desse gjennomføringsrettsaktene skal vedtakast i samsvar med den granskingsprosedyren som er nemnd i artikkel 22 nr. 2.

7. Kommisjonen skal innan 30. juni 2018 offentleggjere ei liste på internett over framstillingsprosessar der kvikksølv eller kvikksølvsambindingar inngår i prosessar som var nytta før 1. januar 2018, og over produkt med tilsett kvikksølv som er framstilte før 1. januar 2018, og over eventuelle gjeldande marknadsføringsrestriksjonar.

#### *Artikkel 9*

### **Småskalautvinning og -foredling av gull**

1. Det er forbode med småskalautvinning og -foredling av gull der kvikksølvamalgamering vert nytta til å utvinne gull frå malm.
2. Utan at det rører ved nr. 1 i denne artikkelen og ved artikkel 16 skal den rette styresmakta i den aktuelle medlemsstaten utarbeide og gjennomføre ein nasjonal plan i samsvar med vedlegg IV i tilfelle der det er dokumentert at det ikkje er tale om isolerte tilfelle av brot på det forbodet som er fastsett i nr. 1 i denne artikkelen.

#### *Artikkel 10*

### **Dentalt amalgam**

1. Frå 1. januar 2019 skal dentalt amalgam berre nyttast i førehandsdosert, innkapsla form. Det er forbode for tannlækjarar å nytte kvikksølv i laus vekt.
2. Frå 1. juli 2018 skal ikkje dentalt amalgam nyttast til tannbehandling av mjølketenner, av barn under 15 år og av gravide eller ammande kvinner, med mindre tannlækjaren meiner at dette er heilt naudsynt på grunn av særskilde medisinske behov hjå pasienten.
3. Innan 1. juli 2019 skal kvar medlemsstat utarbeide ein nasjonal plan for dei tiltaka staten har sett seg føre å setje i verk for gradvis å avvike bruken av dentalt amalgam.

Medlemsstatar skal gjere dei nasjonale planane sine offentleg tilgjengelege på internett og sende dei over til Kommisjonen innan ein månad etter at dei er vedtekne.

4. Frå 1. januar 2019 skal driftsansvarlege for tannklinikkar og tannlækjarkontor der dentalt amalgam vert nytta, eller der dentale amalgamfyllingar eller tenner med slike fyllingar vert fjerna, syte for at klinikkane deira er utstyrte med amalgamskiljarar som held tilbake og samlar opp amalgampartiklar, medrekna partiklar i spillvatn.

Dei driftsansvarlege skal sikre at

- a) amalgamskiljarar som vert tekne i bruk frå 1. januar 2018, har eit retensjonsnivå for amalgampartiklar på minst 95 %,
- b) alle amalgamskiljarar som er i bruk frå 1. januar 2021, ligg på det retensjonsnivået som er fastsett i bokstav a).

For å sikre eit høgast mogleg retensjonsnivå skal amalgamskiljarar haldast ved like i samsvar med rettleiinga frå produsenten.

5. Kapslar og amalgamskiljarar som oppfyller europeiske standardar eller andre nasjonale eller internasjonale standardar med eit tilsvarende kvalitets- og retensjonsnivå, skal reknast for å oppfylle dei krava som er fastsette i nr. 1 og 4.
6. Tannlækjarar skal syte for at amalgamavfall, medrekna amalgamrestar, amalgampartiklar og amalgamfyllingar, og tenner eller delar av tenner som er ureina av dentalt amalgam, vert handterte og samla inn av ei godkjend avfallshandteringsverksemd eller eit godkjent avfallshandteringsføretak.

Tannlækjarar skal under ingen omstende, direkte eller indirekte, tillate utslepp av slikt amalgamavfall i miljøet.

## KAPITTEL IV

## SLUTTHANDSAMING AV AVFALL OG KVIKKSØLVAVFALL

## Artikkel 11

## Avfall

Utan at det rører ved artikkel 2 nr. 5 i denne forordninga skal kvikksølv og kvikksølvambindingar, i rein form eller i blandingar, frå ei av hovudkjeldene nedanfor, reknast som avfall slik det er definert i direktiv 2008/98/EF, og sluthandsamast utan fare for menneskehelsa eller utan å skade miljøet, i samsvar med det nemnde direktivet:

- a) Kloralkaliindustrien.
- b) Reinsing av naturgass.
- c) Utvinning og smelting av ikkje-jarnhaldig metall.
- d) Utvinning frå sinober i Unionen.

Slik sluthandsaming skal ikkje innebere noka form for regenerering av kvikksølv.

## Artikkel 12

## Rapportering om hovudkjelder

1. Marknadsdeltakarar i dei industrisektorane som er nemnde i artikkel 11 bokstav a), b) og c), skal innan 31. mai kvart år sende følgjande opplysningar til dei rette styresmaktene i dei medlemsstatane som det gjeld:

- a) Opplysningar om den samla mengda kvikksølvavfall som er lagra i kvart av anlegga deira.
- b) Opplysningar om den samla mengda kvikksølvavfall som er send til dei einskilde anlegga som handterer mellombels lagring, omdanning og eventuelt herding av kvikksølvavfall, eller permanent lagring av kvikksølvavfall som er vorte omdanna og eventuelt herda.
- c) Opplysningar om plassering av og kontaktopplysningar til alle lagringsanlegga som er nemnde i bokstav b).
- d) Ein kopi av sertifikatet som er lagt fram av den driftsansvarlege for det anlegget som handterer mellombels lagring av kvikksølvavfall i samsvar med artikkel 14 nr. 1.
- e) Ein kopi av sertifikatet som er lagt fram av den driftsansvarlege for det anlegget som handterer omdanning og eventuelt herding av kvikksølvavfall i samsvar med artikkel 14 nr. 2.
- f) Ein kopi av sertifikatet som er lagt fram av den driftsansvarlege for det anlegget som handterer permanent lagring av kvikksølvavfall som er vorte omdanna og eventuelt herda i samsvar med artikkel 14 nr. 3.

2. Dei opplysningane som er nemnde i nr. 1 bokstav a) og b), skal leggjast fram med dei kodane som er fastsette i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2150/2002<sup>(16)</sup>.

3. Dei pliktene som er fastsette i nr. 1 og 2, skal opphevast for marknadsdeltakarar som driv kloralkalianlegg, eitt år etter at marknadsdeltakaren har avvikla drifta av alle kvikksølvkatodeceller i medhald av gjennomføringsavgjerd 2013/732/EU, og alt kvikksølv er vorte overført til avfallshandteringsanlegg.

## Artikkel 13

## Lagring av kvikksølvavfall

1. Som unntak frå artikkel 5 nr. 3 bokstav a) i direktiv 1999/31/EF kan kvikksølvavfall lagrast mellombels i flytande form dersom dei særskilde krava til mellombels lagring av kvikksølvavfall som er fastsette i vedlegg I, II og III i det nemnde direktivet, er oppfylte, og dersom avfallet vert lagra i anlegg over jorda som er meinte og utstyrte for mellombels lagring av kvikksølvavfall.

Unntaket i første leddet skal slutte å gjelde frå 1. januar 2023.

2. Kommisjonen har fullmakt til å vedta delegerte rettsakter i samsvar med artikkel 21 med sikte på å endre denne forordninga ved å lengje tidsrommet for mellombels lagring av kvikksølvavfall som er nemnt i nr. 1 i denne artikkelen, med opptil tre år.

<sup>(16)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2150/2002 av 25. november 2002 om avfallsstatistikk (TEF L 332 av 9.12.2002, s. 1).

3. Før kvikksølvavfall kan slutthandsamast, må det omdannast, og dersom avfallet er meint å skulle slutthandsamast i anlegg over jorda, skal det både omdannast og herdast.

Kvikksølvavfall som er vorte omdanna og eventuelt herda, skal berre slutthandsamast i permanente lagringsanlegg som er godkjende for slutthandsaming av farleg avfall, og omfattar

- a) saltgruver som er tilpassa for permanent lagring av kvikksølvavfall som er vorte omdanna, eller harde fjellformasjonar som ligg djupt under jorda og gjev eit tryggleiks- og innesluttingsnivå som er like høgt eller høgare enn tilsvarende nivå for saltgruver, eller
- b) anlegg over jorda som er meinte og utstyrte for permanent lagring av kvikksølvavfall som er vorte omdanna og herda, og som gjev eit tryggleiks- og innesluttingsnivå som er like høgt eller høgare enn tilsvarende nivå for dei anlegga som er nemnde i bokstav a).

Driftsansvarlege for permanente lagringsanlegg skal syte for at kvikksølvavfall som er vorte omdanna og eventuelt herda, vert lagra åtskilt frå anna avfall og samla i eit forseglela lagringsrom. Dei driftsansvarlege skal vidare syte for at dei permanente lagringsanlegga oppfyller dei krava som er fastsette i direktiv 1999/31/EF, medrekna dei særlege krava til mellombels lagring av kvikksølvavfall som er fastsette i del 8 tredje og femte strekpunktet i vedlegg I og i vedlegg II til det nemnde direktivet.

#### *Artikkel 14*

#### **Sporing**

1. Driftsansvarlege for anlegg som handterer mellombels lagring av kvikksølvavfall, skal opprette eit register med opplysningar om følgjande:

- a) For kvar sending med kvikksølvavfall som vert motteken:
  - i) Avfallsmengd og opphav til avfallet.
  - ii) Namn på og kontaktopplysningar til leverandøren og eigaren av avfallet.
- b) For kvar sending med kvikksølvavfall som forlèt anlegget:
  - i) Avfallsmengd og kvikksølvinnhald i avfallet.
  - ii) Mottakar og tiltenkt slutthandsaming av avfallet.
  - iii) Ein kopi av sertifikatet som den driftsansvarlege for anlegget som handterer omdanninga og eventuelt herdinga av avfallet i samsvar med nr. 2, har lagt fram.
  - iv) Ein kopi av sertifikatet som den driftsansvarlege for anlegget som handterer den permanente lagringa av kvikksølvavfall som er vorte omdanna og eventuelt herda i samsvar med nr. 3, har lagt fram.
- c) Mengda av kvikksølvavfall som er lagra ved anlegget ved kvar månadsslutt.

Driftsansvarlege for anlegg som handterer mellombels lagring av kvikksølvavfall, skal, så snart kvikksølvavfallet vert fjerna frå mellombels lagring, utferde eit sertifikat som stadfestar at kvikksølvavfallet er sendt til eit anlegg som handterer slutthandsaming som er omfatta av denne artikkelen.

Når eit sertifikat som er nemnt i andre leddet i dette nummeret, er utferda, skal det straks sendast ein kopi av sertifikatet til dei marknadsdeltakarane som det gjeld, og som er nemnde i artikkel 12.

2. Driftsansvarlege for anlegg som handterer omdanning og eventuelt herding av kvikksølvavfall, skal opprette eit register med opplysningar om følgjande:

- a) For kvar sending med kvikksølvavfall som vert motteken:
  - i) Avfallsmengd og opphav til avfallet.
  - ii) Namn på og kontaktopplysningar til leverandøren og eigaren av avfallet.

- b) For kvar sending med kvikksølvavfall som er vorte omdanna og eventuelt herda, som forlèt anlegget:
- i) Avfallsmengd og kvikksølvinnhald i avfallet.
  - ii) Mottakar og tiltenkt slutthandsaming av avfallet.
  - iii) Ein kopi av sertifikatet som den driftsansvarlege for anlegget som handterer den permanente lagringa av avfallet i samsvar med nr. 3, har lagt fram.
- c) Mengda av kvikksølvavfall som er lagra ved anlegget ved kvar månadsslutt.

Driftsansvarlege for anlegg som handterer omdanning og eventuelt herding av kvikksølvavfall, skal, så snart omdanninga og eventuelt herdinga er utført for heile sendinga, utferde eit sertifikat som stadfestar at heile sendinga med kvikksølvavfall er vorte omdanna og eventuelt herda.

Når eit sertifikat som er nemnt i andre leddet i dette nummeret, er utferda, skal det straks sendast ein kopi av sertifikatet til dei driftsansvarlege for anlegga som er nemnde i nr. 1 i denne artikkelen, og til dei marknadsdeltakarane som det gjeld, og som er nemnde i artikkel 12.

3. Driftsansvarlege for anlegg som handterer permanent lagring av kvikksølvavfall som er vorte omdanna og eventuelt herda, skal, så snart slutthandsaminga er utført for heile sendinga, utferde eit sertifikat som stadfestar at heile sendinga med kvikksølvavfall som er vorte omdanna og eventuelt herda, er lagra permanent i samsvar med direktiv 1999/31/EF, medrekna opplysningar om lagringsstad.

Når eit sertifikat som er nemnt i første leddet i dette nummeret, er utferda, skal det straks sendast ein kopi av sertifikatet til dei driftsansvarlege for anlegga som er nemnde i nr. 1 og 2 i denne artikkelen, og til dei marknadsdeltakarane som det gjeld, og som er nemnde i artikkel 12.

4. Dei driftsansvarlege som er nemnde i nr. 1 og 2, skal innan 31. januar kvart år sende over registeret for det førre kalenderåret til dei rette styresmaktene i dei medlemsstatane som det gjeld. Dei rette styresmaktene i dei medlemsstatane som det gjeld, skal kvart år sende Kommissjonen alle registra som dei har motteke.

#### *Artikkel 15*

### **Ureina område**

1. Kommissjonen skal leggje til rette for utveksling av opplysningar med medlemsstatane om kva tiltak som er gjorde på nasjonalt plan for å identifisere og vurdere område som er ureina av kvikksølv og kvikksølvambindingar, og for å handtere dei vesentlege risikoane som slik ureining kan utgjere for menneskehelsa og miljøet.
2. Kommissjonen skal innan 1. januar 2021 gjere dei opplysningane som er samla inn i medhald av nr. 1, offentleg tilgjengelege på internett, medrekna ei liste over område som er ureina av kvikksølv og kvikksølvambindingar.

#### KAPITTEL V

### **SANKSJONAR, RETTE STYRESMAKTER OG RAPPORTERING**

#### *Artikkel 16*

### **Sanksjonar**

Medlemsstatane skal fastsetje reglane for sanksjonar som skal nyttast på brot på føresegnene i denne forordninga, og gjere alle dei tiltaka som er naudsynte for sikre at sanksjonane vert sette i verk. Sanksjonane som er fastsette, skal vere verknadsfulle, svare til brotet og hindre nye brot. Medlemsstatane skal, innan dei høvesvise datoane då dei relevante føresegnene i denne forordninga skal nyttast frå, melde frå til Kommissjonen om desse reglane og tiltaka, og straks melde frå om alle seinare endringar som har innverknad på dei.

#### *Artikkel 17*

### **Rette styresmakter**

Medlemsstatane skal peike ut dei rette styresmaktene som skal ha ansvar for å oppfylle dei pliktene som følgjer av denne forordninga.

### Artikkel 18

#### Rapport

1. Innan 1. januar 2020 og deretter med høvelege mellomrom skal medlemsstatane utarbeide ein rapport som dei skal leggje fram for Kommissjonen og gjere offentleg tilgjengeleg på internett, og rapporten skal innehalde følgjande:

- a) Opplysningar om gjennomføringa av denne forordninga.
- b) Opplysningar som er naudsynte for at Unionen skal kunne oppfylle rapporteringsplikta si i medhald av artikkel 21 i konvensjonen.
- c) Eit samandrag av dei opplysningane som er samla inn i samsvar med artikkel 12 i denne forordninga.
- d) Opplysningar om kvikksølv på territoria deira.
  - i) Ei liste over område der meir enn 50 tonn kvikksølv som ikkje er avfall, er lagra, og kvikksølvmengda i kvart av områda.
  - ii) Ei liste over område der meir enn 50 tonn kvikksølv er akkumulert, og mengda av kvikksølvavfall i kvart av områda.
- e) Ei liste over kjelder til meir enn ti tonn kvikksølv per år, og som medlemsstatane er gjorde kjende med.

Medlemsstatane kan ta ei avgjerd om å ikkje offentleggjere opplysningar som er nemnde i første leddet, av ei av dei årsakene som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 og 2 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2003/4/EF<sup>(17)</sup>, med atterhald for artikkel 4 nr. 2 andre leddet i det nemnde direktivet.

2. Med omsyn til rapporten som er nemnd i nr. 1, skal Kommissjonen gjere eit elektronisk rapporteringsverktøy tilgjengeleg for medlemsstatane.

Kommissjonen skal vedta gjennomføringsrettsakter med sikte på å utarbeide høvelege spørjeskjema som skal nyttast til å gjere nærmare greie for det innhaldet, dei opplysningane og dei grunnleggjande ytingsindikatorane som er naudsynte for å oppfylle krava i nr. 1, og formatet på og frekvensen til den rapporten som er nemnd i nr. 1. Slike spørjeskjema skal ikkje medføre meirarbeid for konvensjonspartane når det gjeld rapporteringsplikt. Gjennomføringsrettsaktene som er nemnde i dette nummeret, skal vedtakast i samsvar med den granskingsprosedyren som er nemnd i artikkel 22 nr. 2.

3. Medlemsstatane skal straks stille til rådvelde for Kommissjonen rapportar som dei har sendt over til sekretariatet for konvensjonen.

### Artikkel 19

#### Revisjon

1. Kommissjonen skal innan 30. juni 2020 leggje fram ein rapport for Europaparlamentet og Rådet om resultatet av vurderinga med omsyn til

- a) behovet for at utslepp av kvikksølv og kvikksølv sambindingar frå krematorium vert regulerte av Unionen,
- b) om det er mogleg gradvis å avvikle bruken av dentalt amalgam på lang sikt, og helst innan 2030, samstundes som det vert teke omsyn til dei nasjonale planane som er nemnde i artikkel 10 nr. 3, og til at den kompetansen som medlemsstatane har når det gjeld organisering og yting av helsetenester og lækjarhjelp, vert respektert fullt ut,
- c) dei miljømessige føremonene med og om det er mogleg med ytterlegare samsvar mellom vedlegg II og det relevante unionsregelverket for omsetning av produkt med tilsett kvikksølv.

2. Kommissjonen skal innan 31. desember 2024 leggje fram ein rapport for Europaparlamentet og Rådet om gjennomføringa og revisjonen av denne forordninga, mellom anna på bakgrunn av den effektivitetsvurderinga som er gjort av partskonferansen til konvensjonen, og av dei rapportane som medlemsstatane har lagt fram i samsvar med artikkel 18 i denne forordninga og artikkel 21 i konvensjonen.

3. Dersom det er naudsynt, skal Kommissjonen kome med framlegg til regelverk i tillegg til å leggje fram dei rapportane som er nemnde i nr. 1 og 2.

<sup>(17)</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2003/4/EF av 28. januar 2003 om offentlig tilgang til miljøinformasjon, og om oppheving av rådsdirektiv 90/313/EØF (TEU L 41 av 14.2.2003, s. 26).

## KAPITTEL VI

**DELEGERT FULLMAKT OG GJENNOMFØRINGSFULLMAKT***Artikkel 20***Endring av vedlegga**

Kommisjonen har fått fullmakt til å vedta delegerte rettsakter i samsvar med artikkel 21 i denne forordninga med sikte på at vedlegg I, II, III og IV kan endrast slik at dei vert tilpassa dei avgjerdene som er tekne av partskonferansen til konvensjonen i samsvar med artikkel 27 i konvensjonen, så fram Unionen støttar den aktuelle avgjerda i form av ei rådsavgjerd som er vedteken i samsvar med artikkel 218 nr. 9 i TVEU.

*Artikkel 21***Utøving av delegert fullmakt**

1. Fullmakta til å vedta delegerte rettsakter vert gjeven Kommisjonen med atterhald for dei vilkåra som er fastsette i denne artikkelen.
2. Fullmakta til å vedta dei delegerte rettsaktene som er nemnde i artikkel 13 nr. 2 og artikkel 20, skal gjevast Kommisjonen for ein periode på fem år frå 13. juni 2017. Kommisjonen skal utarbeide ein rapport om den delegerte fullmakta seinast ni månader før femårsperioden går ut. Den delegerte fullmakta skal lengjast stillteiande for periodar med same lengd, med mindre Europaparlamentet eller Rådet set seg imot ei slik lenging seinast tre månader før utgangen av kvar periode.
3. Den delegerte fullmakta som er nemnd i artikkel 13 nr. 2 og artikkel 20, kan når som helst kallast tilbake av Europaparlamentet eller Rådet. Ei avgjerd om tilbakekalling inneber at den delegerte fullmakta som er oppført i avgjerda, sluttar å gjelde. Avgjerda tek til å gjelde dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen* eller på eit seinare tidspunkt som er oppført i avgjerda. Ho rører ikkje ved rettskrafta til delegerte rettsakter som alt har teke til å gjelde.
4. Før Kommisjonen vedtek ei delegert rettsakt, skal han rådføre seg med sakkunnige som er utpeikte av kvar medlemsstat i samsvar med dei prinsippa som er fastsette i den tverrinstitusjonelle avtala av 13. april 2016 om betre regelverksutforming.
5. Så snart Kommisjonen vedtek ei delegert rettsakt, skal han melde frå om dette samstundes til Europaparlamentet og Rådet.
6. Ei delegert rettsakt som vert vedteken i medhald av artikkel 13 nr. 2 og artikkel 20, skal ta til å gjelde berre dersom Europaparlamentet eller Rådet ikkje har gjort innvendingar innan to månader etter at rettsakta er meldt til Europaparlamentet og Rådet, eller dersom både Europaparlamentet og Rådet, før den nemnde fristen går ut, har meldt frå til Kommisjonen om at dei ikkje vil gjere innvendingar. Etter initiativ frå Europaparlamentet eller Rådet vert denne fristen lengd med to månader.

*Artikkel 22***Utvalsframgangsmåte**

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval når det skal vedtakast skjema for import og eksport i medhald av artikkel 6 og tekniske krav til ei miljømessig forsvarleg mellombels lagring av kvikksølv, kvikksølv sambindingar eller kvikksølvblandingar i medhald av artikkel 7 nr. 3, når ei avgjerd skal takast i medhald av artikkel 8 nr. 6 og når spørjeskjema skal vedtakast i medhald av artikkel 18 nr. 2. Det nemnde utvalet skal vere eit utval slik det er fastsett i forordning (EU) nr. 182/2011.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 i forordning (EU) nr. 182/2011 nyttast.

Dersom utvalet ikkje gjev noka fråsegn, skal Kommisjonen ikkje vedta utkastet til gjennomføringsrettsakt, og artikkel 5 nr. 4 tredje leddet i forordning (EU) nr. 182/2011 skal nyttast.

## KAPITTEL VII

**SLUTTFØRESEGNER***Artikkel 23***Oppheving**

Forordning (EF) nr. 1102/2008 vert oppheva med verknad frå 1. januar 2018.

Tilvisingar til den oppheva forordninga skal forståast som tilvisingar til denne forordninga og lesast slik det er vist i jamføringstabellen i vedlegg V.

*Artikkel 24***Ikraftsettning**

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Ho skal nyttast frå 1. januar 2018.

Del I bokstav d) i vedlegg III skal likevel nyttast frå 11. desember 2017.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Strasbourg 17. mai 2017.

*For Europaparlamentet*

A. TAJANI

*President*

*For Rådet*

C. ABELA

*Formann*

—

## VEDLEGG I

**Kvikksølvambindingar som er omfatta av artikkel 3 nr. 2 og 3 og artikkel 7 nr. 3, og kvikksølvblandingar som er omfatta av artikkel 3 nr. 2, artikkel 4 nr. 1 og artikkel 7 nr. 3**

Kvikksølvambindingar som det er forbode å eksportere frå og med 1. januar 2018:

- Kvikksølv(I)klorid ( $\text{Hg}_2\text{Cl}_2$ , CAS-nr. 10112-91-1)
- Kvikksølv(II)oksid ( $\text{HgO}$ , CAS-nr. 21908-53-2)
- Sinober
- Kvikksølvulfid ( $\text{HgS}$ , CAS-nr. 1344-48-5)

Kvikksølvambindingar som det er forbode å eksportere frå og med 1. januar 2020:

- Kvikksølv(II)sulfat ( $\text{HgSO}_4$ , CAS-nr. 7783-35-9)
- Kvikksølv(II)nitrat ( $\text{Hg}(\text{NO}_3)_2$ , CAS-nr. 10045-94-0)

Kvikksølvblandingar som det er forbode å eksportere og importere frå og med 1. januar 2018:

- Blandingar av kvikksølv og andre stoff, medrekna kvikksølvlegeringar, med ein kvikksølvkonsentrasjon på minst 95 vektprosent.

—



## VEDLEGG II

**Produkt med tilsett kvikksølv som er nemnde i artikkel 5**

## Del A — Produkt med tilsett kvikksølv

Produkt med tilsett kvikksølv	Dato då det vert innført forbod mot eksport, import og framstilling av produkt med tilsett kvikksølv
1. Batteri eller akkumulatorar som inneheld meir enn 0,0005 vektprosent kvikksølv.	31.12.2020
2. Svitsjar og relé, bortsett frå kapasitets- og tapsmålebruer med høgt presisjonsnivå og høgfrekvente RF-svitsjar og -relé i overvakings- og kontrollinstrument med høgst 20 mg kvikksølv per bru, svitsj eller relé.	31.12.2020
3. Kompaktlysrør (CFL) for allmenne lysgjevingsføremål: a) CFL.i $\leq$ 30 watt med eit kvikksølvinnhald på over 2,5 mg per lyskjelde. b) CFL.ni $\leq$ 30 watt med eit kvikksølvinnhald på over 3,5 mg per lyskjelde.	31.12.2018
4. Dei følgjande lysrøyra (LFL) for allmenne lysgjevingsføremål: a) Trebands fosfor $<$ 60 watt med eit kvikksølvinnhald på over 5 mg per lyskjelde. b) Halofosfatfosfor $\leq$ 40 watt med eit kvikksølvinnhald på over 10 mg per lyskjelde.	31.12.2018
5. Høgtrykkskvikksølvlampar (HPMV) for allmenne lysgjevingsføremål.	31.12.2018
6. Dei følgjande kaldkatodelysrøyra med tilsett kvikksølv og lysrøyra med eksterne elektrodar (CCFL og EEFL) til bruk i elektroniske skjermar: a) Korte ( $\leq$ 500 mm) med eit kvikksølvinnhald på over 3,5 mg per lyskjelde. b) Middels lange ( $>$ 500 mm og $\leq$ 1 500 mm) med eit kvikksølvinnhald på over 5 mg per lyskjelde. c) Lange ( $>$ 1 500 mm) med eit kvikksølvinnhald på over 13 mg per lyskjelde.	31.12.2018
7. Kosmetikk med kvikksølv og kvikksølvbindingar, bortsett frå dei særskilde tilfella som er oppførte i post 16 og 17 i vedlegg V til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1223/2009 <sup>(1)</sup> .	31.12.2020
8. Pesticid, biocid og antiseptiske middel til utvortes bruk.	31.12.2020
9. Dei følgjande ikkje-elektroniske måleinstrumenta: a) Barometer. b) Hygrometer. c) Manometer. d) Termometer og andre ikkje-elektriske temperaturmålingsapparat. e) Blodtrykksmålarar. f) Strekkspenningsmålarar til bruk med pletysmografar.	31.12.2020

Produkt med tilsett kvikksølv	Dato då det vert innført forbod mot eksport, import og framstilling av produkt med tilsett kvikksølv
g) Pyknometer som inneheld kvikksølv. h) Kvikksølvmåleinstrument til fastsetjing av mjukingspunktet. Denne posten omfattar ikkje følgjande måleinstrument: — Ikkje-elektroniske måleinstrument som er monterte i storskalautstyr, eller instrument til bruk i målingar med høgt presisjonsnivå der eigna kvikksølvfrie alternativ ikkje er tilgjengelege. — Måleinstrument som var eldre enn 50 år 3. oktober 2007. — Måleinstrument som skal stillast ut offentleg til kulturelle og historiske føremål.	
<sup>(1)</sup> Europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1223/2009 av 30. november 2009 om kosmetiske produkter (TEU L 342 av 22.12.2009, s. 59).	

Del B — Andre produkt som er utelatne frå lista i del A i dette vedlegget

Svitsjar og relé, kaldkatodelysrøyr og lysrøyr med eksterne elektrodar (CCFL og EEFL) til bruk i elektroniske skjermar og måleinstrument når dei erstattar ein komponent i større utstyr, og så fram det ikkje finst tilgjengelege kvikksølvfrie alternativ for komponenten, i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/53/EF<sup>(1)</sup> og direktiv 2011/65/EU.

<sup>(1)</sup> Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/53/EF av 18. september 2000 om kasserte kjøretøyer (TEF L 269 av 21.10.2000, s. 34).

## VEDLEGG III

**Kvikksølvrelaterte krav til framstillingsprosessane som er nemnde i artikkel 7 nr. 1 og 2**

Del I: Forbod mot bruk av kvikksølv eller kvikksølvambindingar, anten i rein form eller i blandingar, i framstillingsprosessar

- a) Frå og med 1. januar 2018: Framstillingsprosessar der kvikksølv eller kvikksølvambindingar vert nytta som katalysator.
- b) Som unntak frå bokstav a) skal framstilling av vinykloridmonomer vere forboden frå og med 1. januar 2022.
- c) Frå og med 1. januar 2022: Framstillingsprosessar der kvikksølv vert nytta som elektrode.
- d) Som unntak frå bokstav c) skal framstilling av kloralkali der kvikksølv vert nytta som elektrode vere forboden frå og med 11. desember 2017.
- e) Som unntak frå bokstav c) skal framstilling av natrium- eller kaliummetylat eller -etylal vere forboden frå og med 1. januar 2028.
- f) Frå og med 1. januar 2018: Framstilling av polyuretan, i den grad framstillinga ikkje alt er avgrensa eller forboden i samsvar med post 62 i vedlegg XVII til forordning (EF) nr. 1907/2006.

Del II: Framstillingsprosessar som er omfatta av restriksjonar på bruk og utslepp av kvikksølv og kvikksølvambindingar

Framstilling av natrium- eller kaliummetylat eller -etylal

Natrium- eller kaliummetylat eller -etylal skal framstillast i samsvar med del I bokstav e) og på følgjande vilkår:

- a) Det skal ikkje nyttast kvikksølv frå primærutvinning av kvikksølv.
  - b) Tala frå 2010 skal reduserast med 50 % innan 2020 for direkte og indirekte utslepp av kvikksølv og kvikksølvambindingar til luft, vatn og jord per produsert eining.
  - c) Kvikksølvfrie framstillingsprosessar skal støttast gjennom forskning og utvikling.
  - d) Frå og med 13. juni 2017 skal det ikkje vere tillate å auke i kapasiteten til anlegg som nyttar kvikksølv og kvikksølvambindingar til framstilling av natrium- eller kaliummetylat eller -etylal, og som var i drift før denne datoen, og ingen nye anlegg skal tillatast.
-

## VEDLEGG IV

**Innhald i den nasjonale planen for småskalautvinning og -foredling av gull som er nemnd i artikkel 9**

Den nasjonale planen skal innehalde opplysningar om følgjande:

- a) Nasjonale mål og reduksjonsmål for å eliminere bruken av kvikksølv og kvikksølv sambindingar.
  - b) Tiltak for å eliminere slik bruk.
    - i) Amalgamering av råmalm.
    - ii) Avbrenning av amalgam eller foredla amalgam.
    - iii) Brenning av amalgam i bustadområde.
    - iv) Lekkasje av cyanid i sediment, malm eller avgangsmasse der det er vorte tilsett kvikksølv utan at kvikksølvet først er fjerna.
  - c) Tiltak for å lette formaliseringa eller reguleringa av sektoren for småskalautvinning og -foredling av gull.
  - d) Referanseutrekningar av kvikksølv mengda som er nytta, og opplysningar om korleis småskalautvinning og -foredling av gull vert utført på territoriet til medlemsstaten.
  - e) Strategiar for å fremje reduksjon av utslepp av og eksponering for kvikksølv ved småskalautvinning og -foredling av gull, medrekna kvikksølvfrie metodar.
  - f) Strategiar for å kontrollere handel med og hindre spreing av kvikksølv og kvikksølv sambindingar frå både innanlandske og utanlandske kjelder til bruk ved småskalautvinning og -foredling av gull.
  - g) Strategiar for å engasjere dei aktuelle aktørane når det gjeld gjennomføring og kontinuerleg utvikling av den nasjonale planen.
  - h) Ein folkehelsestrategi for eksponering for kvikksølv blant dei som tek del i småskalautvinning og -foredling av gull, og i lokalsamfunna deira, som mellom anna skal omfatte innsamling av helsedata, opplæring av helsepersonell og haldnings- skapande tiltak gjennom helseinstitusjonar.
  - i) Strategiar for å hindre at sårbare grupper, særleg barn og kvinner i fertil alder, og spesielt gravide kvinner, vert eksponerte for kvikksølv som vert nytta ved småskalautvinning og -foredling av gull.
  - j) Strategiar for å informere dei som tek del i småskalautvinning og -foredling av gull, og lokalsamfunna deira.
  - k) Ein tidsplan for gjennomføring av den nasjonale planen.
-

## VEDLEGG V

**Jamføringstabell**

Forordning (EF) nr. 1102/2008	Denne forordninga
Artikkel 1 nr. 1	Artikkel 3 nr. 1 og 2
Artikkel 1 nr. 2	Artikkel 3 nr. 3
Artikkel 1 nr. 3	Artikkel 3 nr. 4
Artikkel 2	Artikkel 11
Artikkel 3 nr. 1 bokstav a)	Artikkel 13 nr. 3 bokstav a)
Artikkel 3 nr. 1 bokstav b)	Artikkel 13 nr. 1
Artikkel 3 nr. 1 andre leddet	Artikkel 13 nr. 1 første leddet og artikkel 13 nr. 3 tredje leddet
Artikkel 3 nr. 2	—
Artikkel 4 nr. 1	Artikkel 13 nr. 1
Artikkel 4 nr. 2	Artikkel 13 nr. 1
Artikkel 4 nr. 3	—
Artikkel 5 nr. 1	—
Artikkel 5 nr. 2	—
Artikkel 5 nr. 3	—
Artikkel 6 nr. 1 bokstav a)	—
Artikkel 6 nr. 1 bokstav b)	Artikkel 12 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 6 nr. 1 bokstav c)	Artikkel 12 nr. 1 bokstav b) og c)
Artikkel 6 nr. 2 bokstav a)	Artikkel 12 nr. 1 bokstav a)
Artikkel 6 nr. 2 bokstav b)	Artikkel 12 nr. 1 bokstav b) og c)
Artikkel 6 nr. 3	Artikkel 12 nr. 1
Artikkel 6 nr. 4	—
Artikkel 7	Artikkel 16
Artikkel 8 nr. 1	—
Artikkel 8 nr. 2	—
Artikkel 8 nr. 3	—
Artikkel 8 nr. 4	—
Artikkel 8 nr. 5	—
Artikkel 9	—